



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik sokneråd

Årsmelding 2023

Fram til 31. okt 2023 var følgjande med i Lavik sokneråd:

Leiar:	Toril Lange
Nestleiar:	Tonje Førde Systad
Sekretær:	Torunn Styve
Medlem:	Rolf Aamot
Medlem:	Katrin Borlaug Ringereide
Medlem:	Monica Sunde Tjønnås
Sokneprest:	Geir Sørebo
1.vara:	Wenche Liljedal
2.vara:	Annbjørg N Kristensen
3.vara:	Maria P Zimmermann Espeseth
4.vara:	Hilde Iren S Bosdal
5. vara:	Terje Båtnes



Repr. i Høyanger kyrkjelege fellesråd fram til og med 30. nov 2023

Tonje Førde Systad

Pers. vara: Rolf Aamot

Torunn Styve

Pers. vara: Monica Sunde Tjønnås

Etter soknerådsvalet 10. sept og med verknad frå 1. nov 2023 er desse med i Lavik Sokneråd:

Leiar:	Toril Lange
Nestleiar:	Katrin Borlaug Ringereide
Medlem:	Torunn Styve
Medlem:	Maria P. Zimmermann Espeseth
Medlem:	Bjørn Harald Nybø
Medlem:	Eldrun Nordahl
1. vara/sekretær:	Regine Borlaug Pettersen
2. vara:	Wenche Liljedal
3. vara:	Terje Båtnes
4. vara:	Solveig Evensen
5. vara:	Oddny Marie Bruåsdal

Representantar i Høyanger kyrkjelege fellesråd frå 1. des 2023

Bjørn Harald Nybø

Vara: Torunn Styve

Toril Lange

Vara: Eldrun Nordahl

PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest:	Geir Sørebo – vikar i Lavik og Bjordal&Ortnevik frå 01.01 – 31.05 og 01.09 – 31.12.2023
Prost:	Knut Magne Nesse
Kantor:	Gerda Otterstein til 15. 09.2023. Kantor har permisjon resten av året. Då har følgjande spelt på gudstenester og/eller gravferder: Peter Jobbago, Harald Dahlstrøm, Kjell Ivar Aase, Gro Gunnarson, Katrin Borlaug Ringereide og Malgorzata Anna Tveit
Kyrkjelydspedagog:	Heike Müller

Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein til 31. 03, Stig Jonny Fitje frå 01.04. 2023
 Sekretær: Ali Kharrat
 Kyrkjetenar: På dugnad: Olav Hellebø og Terje Båtnes
 Klokkar: På dugnad: Torunn Styve, Toril Lange og Andreas Ester. I tillegg har born og unge vore tekstlesarar og lese bøner.
 Kyrkjevert: Soknerådsmedlemene har vore kyrkjevertar. Katrin Borlaug Ringereide, Tonje Førde Systad, Rolf Aamot, Annbjørg N Kristensen, Wenche Liljedahl, Maria Zimmermann Espeseth, Torunn Styve, Toril Lange, Monica Sunde Tjønnås og Regine Borlaug Pettersen

Diakoniutval/
 Kontaktgruppa: Helen Vos, Anny Rysjedal, Bjørg Støldal, Vigdis Vik Aven, Aud Andreassen, Rigmor Hovland, Liv Aven og Tor Wergeland.

Kontaktperson Kirkens Nødhjelp : Toril Lange
 Kasserar: Liv Aven
 Revisor: Bjarne Hellebø

Lavik sokneråd har hatt 5 møter og har handsama 23 saker. Hovudsakene har vore gudstenesteplanen og fordeling av oppgåver, planlegging og evaluering av arrangement og kyrkjevalet. I tillegg var det fellesmøte på Alværa 23. nov for alle sokneråda i kommunen der også prosten deltok.

Saka om kyrkjebenkene vart avslutta. Søknad om løyve til å fjerne 4 kyrkjebenker, vart delvis innvilga. Biskopen i samråd med Riksantikvaren gav løyve til å fjerne fremste og bakarste benk på venstre side.

Soknerådet mottek godtgjersle frå Høyanger kyrkjelege fellesråd for det arbeidet frivillige utfører i samband med kyrkjelege handlingar og drift av kyrkja (klokkar, vask og kyrkjetenar). Takk til dei som gjer ein dugnadsinnsats og slik gjer at soknerådet har stor økonomisk handlefridom.

GUDSTENESTER, KYRKJELEGE HANDLINGAR OG KYRKJELYDSSAMLINGAR

Årsstatistikk	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenester	20	21	24	19	20	26/22	21/19	24/22	18/17	22/19
Deltakarar	753	1065	833	831	690	1102/ 864	840/ 745	673/ 950	1025/ 950	903/ 783
Gudsteneste m/nattverd	12	8	14	9	7	15/12	6/5	6/5	10/9	11/9
Delt nattverd	153	163	219	127	103	438/ 263	185/ 110	69/45	213/ 145	228/ 162
Dåp	2	6	5	2	4	5	5	6	5	2
Konfirmantar	5	8	6	7	2	2	6	5	9	7
Vigsler	1	2	0	1	0	0	0	0	1	0
Gravferder	6	10	8	3	2	4	9	10	3	13
Andakter på helsesenteret	10	10	11	10	10	10	4	5	9	9

Takkoffer	1775 8	3123 8	23179	19830	21500	25539	19324	22562	29401	22316
-----------	-----------	-----------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

Frå og med 2019 vart gudstenester på Alværa der born/unge frå soknet deltok, rekna med i statestatikken for Lavik. Likeins gudstenestene der bygdefolket var invitert. Difor er det 2 tal i ein del kolonnar. Første talet er summen for Lavik kyrkje og Alværa, medan andre talet gjeld berre Lavik kyrkje. I 2023 gjeld det gudsteneste i samband med konfirmantleir for Høyanger og Hyllestad, Kyrkje-og misjonsdagen i januar og Alværastemnet i juni.

Gudstenestene

Færre dåp og færre konfirmantar er medverkande til at talet på gudstenestedeltakarane har gått ned. Det er også minkande frammøte på ordinære gudstenester. Barnetalet har gått ned og det syner igjen på familiegudstenestene.

I 2023 var det ikkje gudsteneste i juli, då ein har erfaring med svært lite frammøte på desse gudsteneste.

2. pinsedag ville ein prøve med friluftsgudsteneste i Gildrevika, Norevik. Dårleg ver gjorde at gudstenesta vart flytta til bygdehuset på Norevik. Det var godt frammøte og gode tilbakemeldingar på at det er gudstenester ute i bygdene.

AKTIVITETAR I LAVIK SOKN

Lavik kantori 2022 kunne Lavik Kantori igjen samlast til øving. Lavik kantori arrangerte Jazz konsert i Høyanger hausten 2022. Dette var eit samarbeid med «Something Else». Ei gruppe med songarar frå Høyanger vart med i koret. Dette for å styrke koret, då medlemstalet gjekk ned i Lavik. Dei øvde i Høyanger med kantor og det vart arrangert fellesøvingar. Lavik kantori hadde ein fin vår 2023, då samarbeidet med gjengen frå Høyanger fungerte svært godt. Samarbeidet med «Something Else» var så velukka, at det vart reprise på Jazz Mess i Balestrand mars 2023. Rosande ord og profesjonalitet var stikkorda etterpå.

Det vart også arrangert felleskonsert med Førde Kyrkjekor mars 2024. Denne konserten var i Høyanger Kyrkje.

Lavik kantori vart oppløyst sommaren 2023, då den dyktige Gerda Otterstein slutta som kantor.

Mat og prat.

Som oppfølging av visitasmeldinga frå desember 2019 og spørjeundersøkinga frå same år, var det planlagt samling *Mat og Prat* for «menneske midt i livet». Soknerådet har bestemt å ha 2 «Mat og prat» samlingar i løpet av året – i januar/februar og i november. Samlingane har vore på Alværa. Ein starta samlingane med å ete kvelds i lag.

Tema 7. februar: Eg trur på den heilage ande – innleiing v/ Geir Sørebo – Frammøte: 9 personar

Tema 25.oktober: Geir Sørebo samtalar med Helen Vos om livet, trua og tvilen. Frammøte: ca 25 inkludert born/konfirmantar.

50-årskonfirmantar

Søndag 27. august var det gudsteneste der dei som vart konfirmerte for 50 år sidan var inviterte. 2 av 50-årskonfirmantane møtte. Dei fekk jubileumboka Lavik kyrkje 150 år, som gåve frå Soknerådet.

På same gudsteneste vart 4 ungdomar som skal vere med på konfirmantopplegget skuleåret 23/24, presenterte.

Salmekveld – «Vi syng jula inn» var ein onsdag i adventstida.

Eit ensemble på 14 frå Fjordbrass sytte for musikk og tonefølgje. Eldrun Nordahl og Torun Styve fortalde kort om ulike songane/salmane. Etter mykje song og stemmebruk gjorde det godt med kyrkjegløgg og peparkaker. Det var til saman 45 i kyrkja denne kvelden.

Årsfesten med årsmøte

vart avvikla onsdag 22. mars på Alværa. Årsfesten er blitt eit arrangement for born og vaksne. Pga endring av tidspunktet for ein barneaktivitet, kom borna litt seinare. Difor starta ein festen med årsmelding og årsmøte der Geir Sørebo kom med nokre utfordringar i samband med årsmeldinga. Då borna kom, var det tid for middag – kjøttkaker og pølse med brød.

Ei gruppe med aspirantar frå skulekorpset og Wenche og Malvin sytte for musikkinnslag. Vidare var det informasjon om prosjektet til Fasteaksjonen, PowerPoint frå aktivitetar i soknet i 2023 og quiz. Årsfesten vart avslutta med kaffi/soft og kaker.

47 møtte, av dei 20 born/ungdom.

Fasteaksjonen 2023

vart gjennomført ved ein dør-til-døraksjon, der konfirmantane gjekk med bøsser. I tillegg vart det hengt opp plakatar, vart informert på facebook og på samtalegudstenesta. I bøsseane vart det samla inn 8907,-. Samla sum vart 18081,- inkludert kyrkjeoffer og vipps.

Påskemarkering i kyrkja.

Som vanleg var det påskemåltid skjærtorsdag. Langbord vart dekkja i midtgangen, og 34 sette seg til bords. I tillegg var det høgtidsgudsteneste 1. påskedag. Rundt kyrkja var det også 14 plansjar der ein deler påska sin bodskap om HÅP og med bibeltekstar om Jesu si oppstode. Plansjane stod opp fram til over pinse.

Dugnad på kyrkjegarden

Soknerådet inviterte til vårdugnad på kyrkjegarden 26. april. I løpet av nokre timar vart grusgangar reinska, lauv fjerna og beda ved parkeringsplassen reinska. Det var ikkje den store flokken, totalt 7 personar, men ein fekk gjort mykje.

Vedlikehald på kyrkja/fornyng:

Det er ikkje utført noko spesielt vedlikehald/fornyng på kyrkja i 2023.

BARNE-OG UNGDOMSARBEID

Alt barne- og ungdomsarbeid, med unntak av konfirmantar, vert utført av uløna og i regi av soknerådet.

Tårnagenthelga i midten av januar er ein tradisjon. 9 tårnagentar frå 2.-5. klasse var med, i tillegg til 5 englevaktar frå 6. – 8. trinn.

Påskevandring rundt kyrkja. Det var laga oppgåveark til plansjane rundt kyrkja, og born/unge vart oppmoda å vere med på vandringa. Oppgåvearka fann dei ved dåpssakristiet og det var laga eitt oppgåveark for dei yngste og eitt for dei litt eldre. Alle som hadde vore med på vandringa og hadde sendt inn oppgåvearket, var med i trekninga av påskesnop. 12 born/unge leverte svarark.

Myldresamling i kyrkja

er eit tilbod for born i barnehagealder. Det er samling med song, bøn, Jesusforteljing, lystenning og kanskje ei formingsøkt. Ein avsluttar med å ete kvelds i lag.

Det har vore 5 samlingar – 3 i vår og 2 i haust med frå 4 til 10 born. 12 born har vore med på 1 eller fleire samlingar.

T-dagar: Trusopplæringsdagar

for 1.-4. klasse er i SFO-tida onsdag. Våren 2023 var det 2 samlingar på kyrkjekontoret. I løpet av 2 ½ timer det samlingsstund – ofte med film, Jesusforteljing, song og bøn, mat med pølse og brød, frileik og/eller forming. 7 born var med på 1 eller begge t-dagane.

Hausten 2023 prøvde ein på nytt å invitere til t-dagar. Mange av dei som hadde vore med i vår, var no blitt for gamle til å vere med og ein det kom ikkje til nye. Difor vart det bestemt at skuleåret 2023/2024 skal det ikkje vere T-dagar. Hausten 2024 begynner mange i 1. klasse og vi vil på nytt invitere til T-dagar.

Fredagskveld

er eit tilbod til dei som er for gamle til t-dag; frå 5. klasse og eldre. I 2023 har det kun vore 1 samling på kyrkjekontoret. Då møtte 5 ungdomar. Det er vanskeleg å finne fredagar då både ungdomane og leiarane kan.

Hausttakkefest

var i midten av september. Då vart alle born inviterte til å få bok og til vere med å bere inn ei korg med frukt og/eller grønt i starten av gudstenesta. Det vart delt ut 11 bøker; av dei 1 stk Mi kyrkjebok 4.

Aktivitetsdag på Alværa 4, november

Soknerådet inviterte born frå heile kommunen til denne samlinga, men det berre dei med adresse Lavik som hadde høve til å vere med.

Dagen starta med samlingsstund – med song, bibelforteljing og flanellograf. Deretter vart det formingsaktivitet, leiraktivitetar og frileik. Meny: Pølse og brød. 27 born og vaksne var med på samlinga. Etter søknad dekte fellesrådet kostandane ved arrangementet.

Julaftan

Også dette året vart born inviterte til å vere med på eit julespel i samband med gudstenesta. Dei 2 siste åra har ein valt eit spel som ikkje kravde øving på førehand. I tillegg deltok dei med lesing, lystening og solosong. 11 born/unge var medverkande.

Konfirmantar

Våren 2023

I løpet av våren var det nokre konfirmantsamlingar, konfirmantweekend på Alværa, besøk på Helsesenteret saman med presten og samtalegudsteneste. Runar Matsui-Li hadde ansvar for dei vanlege konfirmantsamlingane og weekenden. Geir Sørebo og Toril Lange hadde ansvar for å førebu og gjennomføre besøk på Helsesenteret og samtalegudstenesta. Det var Geir Sørebo som hadde konfirmasjonsgudstenesta. 3 jenter og 4 gutar vart konfirmerte 13. mai.

Hausten 2023

var det soknepresten i Hyllestad, Runar Matsui-Li som hadde ansvaret for konfirmantsamlingane. Det har vore samlingar på Lavik kyrkjekontor/Lavik kyrkje ca. annankvar torsdag frå rett etter skuletid og til kl. 17.00. Foreldre har sytt for noko å ete.

I tillegg til dei 5 konfirmantane frå Lavik, er konfirmanten frå Bjordal med på samlinga. Ein laurdag i slutten av oktober deltok dei på Konfirmantfestival for Sunnfjord prosti på Sande. Festivalen har erstatta nattcupen.

Konfirmantane har delteke på gudstenester i Lavik og hadde samling med Geir Sørebo og Toril Lange for å planlegge lysmessa.

Leir på Alværa.

Soknerådet ser på leir som ein del av kyrkjelyden si trusopplæring og støtter difor born /unge frå Lavik med kr 200,- pr leir. NMSU har hatt 3 leirar på Alværa i 2023 – vinterleir, sommarleir og haustleir. 16 born har delteke på minst 1 leir anten som vanleg deltakar eller som ungdomsleiar.

Trusopplæringsarbeidet har god oppslutnad. Det er ein flott gjeng med born og unge som møtest på samlingane. Messenger-grupper vert brukt til informasjon og invitasjon – noko som fungerer veldig godt.

Hausten 2023 har vi ikkje hatt tilbod til dei eldste.

Kva tilbod vi har til ei kvar tid avhengig av tal på born i dei ulike aldersgruppene.

Aktivitetdagen på Alværa var svært vellukka. Kanskje bør vi satse på fleire aktivitetdagar for heile familien og for heile kommunen i 2024 ?

Oppsummering – vegen vidare

Det har skjedd mykje positivt og mykje vi kan glede oss over i Lavik kyrkjelyd i 2023

- Mange sa ja til å stå på soknerådet si liste.
- Mat og prat har fungert godt og det er funne OK tema.
- Det er stor aktivitet for å vere ein såpass liten kyrkjelyd.
- Det er stor oppslutnad på trusopplæringstiltaka.
- Det kjem bra med folk på gudstenester når det skjer noko spesielt.
- Vandrande nattverd fungerer godt.
- Det er mange som er villige til å gjere ein frivillig innsats i kyrkjelyden slik at ting fungerer og vi kan samlast – både born, unge og vaksne.
- Andaktane på Helsesenteret er godt tilrettelagt av Kontaktgruppa.
- Vi har gode lokale både på kyrkjekontoret og på Alværa – i tillegg til kyrkja.

Utfordringar vidare: (dette vil vi prøve å gjere noko med):

- Vi ønsker minst ei utegudsteneste i året.
- Invitere til Mat og Prat 1 gong i semesteret og finne tema som engasjerer.
- Gje tilbod til alle born og unge.
- Samle fleire på «vanlege» gudstenester
- Salmekveld/Vi syng jula inn i adventstida
- Gjere arrangementa betre kjende.

Til slutt: Takk til alle som tar på seg ei oppgåve – slik at vi kan ha gudstenester og kyrkjelege handlingar og vi kan samle born, unge, vaksne og eldre om den gode budskapen.

-

Lavik 25. februar 2024

Lavik sokneråd

Toril Lange
soknerådsleiar